

Pengedryss til friluftstiltak

Takka vere Gjensidigestiftelsen vert det bygt Tufteparks ved Volda stadion og lagt ny sand på sandvolleyballbanene på Årneset.

Onsdag føremiddag fekk Fri- luftsforeninga i Volda og KFUM volleyball den glade bodskapen i form av to solide sjekkar frå Ketil Jarl Halse. Irene Krumsvik og Terje Flåm frå KFUM volleyball tok imot 171.363 kroner, og Cecilie Åmås frå Fri- luftsforeninga i Volda fekk 300.000 kroner.

Ny sand

Sandvolleyballbanene på Årneset er ni år gamle, og svært mykje brukt. I tillegg til at volleyballgruppa held treningar og konkurransar der, vert banene nytta av voldingar, tilreisande og asylsøkjarar. Volleyballnetta heng opp frå mai til utpå hausten.

– I tillegg til stor bruk, opplever banene slitasje av vêr og vind. Mykje av spesialsanden som vi kjøpte i 2006 er no vekk, og banene treng påfyll. Sidan banene vert nytta til konkurransar, må vi kjøpe dyr spesialsand. Vi kan ikkje berre hente sand frå nærmeste strand, fortel Krumsvik. Spesialsanden er berre å få kjøpt i Hønefoss, og volleyballgruppa treng mange lastebillass. Totalt skal det fyllast på 125 kubikk sand. Krumsvik er svært takksam for at laget fekk tildelt heile søknadssummen, og gler seg til å kome i gang med utbettingsarbeidet.

Tufteparks

Eit lågterskel treningsstilbod for folk i alle aldrar har vore etterlengta av fleire i Volda, og no blir det ein realitet. Midlane til Fri- luftsforeninga skal gå til bygging av ein Tufteparks. Parken er tenkt plassert i området mellom Midtun og stadion, like ved bru over elva.



* Store summar: Irene Krumsvik og Terje Flåm frå KFUM, Ketil Jarl Halse frå Gjensidigestiftelsen og Cecilie Åmås frå Fri- luftsforeninga i Volda.

– Dette skal vere eit gratis lågterskeltilbod som er lett tilgjengeleg for alle. Her kan barn og vaksne trenre saman, og finne høvelege utfordingar. Parken vil vere open heile døgnet, og ligg inntil den mykje brukte turvegen mellom Årneset og stadion, fortel Åmås, som er takksam for at dei også fekk innvilga heile søknadsbeløpet. Tufteparksen er kostnadsrekna til 750.000 kroner, og mykje arbeid skal gjeraast på dugnad. Ifølgje Åmås er det stor interesse for ein slik park i Volda kommune, og kommunen sökte sjølv Kreftforeninga om midlar til ein slik park for ei tid tilbake. Den gongen fekk dei avslag, men no vert det fart i arbeidet.

– Vi trur at ein slik park kan generere endå meir aktivitet i området, og få fleire til å bevege seg utandørs. Dette er viktig med tanke på å bidra til god folkehelse, seier Åmås.

Støttar det frivillige Noreg

– Gjensidigestiftelsen gir gjerne store summar til anlegg som er varige og femnar mange. Over skotet frå 200 år med forsikring skal gå til allmennytige føremål i det frivillige Noreg, seier Ketil Jarl Halse, som representerer stiftinga. I år har Gjensidigestiftelsen fordelt om lag sju millionar kroner i Møre og Romsdal.

– Det er interessant å sjå skilnaden mellom Vestlandet og Austlandet. Vi får årleg inn svært mange søkerar frå Vestlandet, medan det er merkbart færre frå Austlandet, seier Halse. Han meiner dette vitnar om stor frivillig aktivitet på Vestlandet, og dette er noko Gjensidigestiftelsen har merka seg.

tanke på å bidra til god folkehelse, seier Åmås.



* Då Ketil Jarl Halse dukka opp på Årneset med rause gavesjekkar, vanka det fleire klemmar.

– Vi vil påskjonne dei som er aktive, skaper aktivitet lokalt og organiserer ting for andre, seier han, og håper på like mange søkerar til neste år. Den årlege søkerfristen er 15. september

LIV JORUNN NYHAGEN

Fekk midlar til tryggleiksutstyr



* Volda rideklubb fekk også positivt svar på søkeraden sin. F.v.: Magne Holmin, Bjørg Holmin, Edle Holmin, Ida Kristine Standal på Endrar og Ketil Jarl Halse frå Gjensidigestiftelsen.

Volda rideklubb vart òg tildelt midlar frå Gjensidigestiftelsen onsdag.

Rideklubben hadde sökt om 32.918 kroner til innkjøp av tryggleiksutstyr for barn, og anna materiell som er nyttig å ha i ei opplæringsfase. Rideklubben har årleg fleire kurs for barn og unge, og stiller opp på ulike arrangement. Då kjem slikt utstyr godt med.

Intensiverer rekrutteringsarbeidet

– No får vi kjøpt alt vi treng til neste års ridekurs, seier klubbleiar

Edle Holmin nøgd, og viser til at det skal kjøpast inn tryggleikvestar, justerbare ridehjelmar, refleksvestar, voltigeutstyr og kjeuler som skal nyttast i rideundervisninga. Rideklubben feirar 20 år i 2016, og frå nyttår har klubben planer om å intensivere rekrutteringsarbeidet. Det er mellom anna planlagt å arrangere fleire ridekurs i jubileumsåret. Om lag halvparten av klubben sine medlemmar er i dag under 16 år.

– Vi i Gjensidigestiftelsen ynskjer å påskjonne dei som brukar av fritida si for å skape aktivitetar for andre, slår Ketil Jarl Halse fast.

ØRSTA TRELAST
Tlf.: 700 47 500 – post@orstatrelast.no

orstatrelast.no



byggfag.no